

Prosjektbeskrivelse

Hovedansvarlig utførende virksomhet

- **Kontaktinformasjon:** Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
- **Virksomhet:** Vestland fylkeskommune
- **Samarbeidspartnere:** Bergen og Omland friluftsråd, Bergen og Hordaland turlag
- **Prosjektnavn:** Kartlegging av universell utforming av fiskeplass og badeplass i friluftsområder
- **Planlagt start- og sluttdato:** 01.06.2020 – 31.10.2020

A. Prosjektbeskrivelse

• Bakgrunn for prosjektet – Problembeskrivelse

I gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det fleire gonger tidlegare gjennomført ulike kartleggingar av universell utforming og tilgjengelegheit av friluftsområder. Det er kartlagt sentrumsnære turveggar, badeplassar, fiskeplassar og skianlegg og parkering i ulike friluftsområder. Å gjennomføre slike kartleggingar er noko nye Vestland fylkeskommune ynskjer å vidareføre. Vestland fylke er eit stort fylke, både geografisk og i folketal. Derfor ser vi føre oss at kartlegging vil bli meir omfattande, og det vil bli kartlagt fleire områder enn kva ein har hatt kapasitet til i gamle Sogn og Fjordane. For å klare å gjere kartleggingane så omfattande har Vestland fylkeskommune avtalt å samarbeide med Bergen og Omland friluftsråd og Bergen og Hordaland turlag om denne kartlegginga. Vestland fylkeskommune har også sett av inntil 300 000 kr i eigne midlar til kartlegging, som vert gjort tilgjengelege dersom ein får tilsegn på midlar frå Kartverket, jf. saknr. PS 62/2020 i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

I dette prosjektet ynskjer vi å kartlegge tilgjengelegheita til fiskeplassar og badeplassar i eksisterande og mykje nytta friluftsområder i Vestland fylke. Vi ser føre oss å kartlegge slike plassar både ved sjø, ved ferskvatn og ved elver der det kan vere aktuelt. Ettersom det er gjennomført fleire kartleggingar i gamle Sogn og Fjordane fylke tidlegare vil hovudvekta av områda som skal kartleggast i år vere i gamle Hordaland fylke. I den samanheng vil det å samarbeide med Bergen og Omland friluftsråd, og Bergen og Hordaland turlag vere veldig nyttig og viktig. Desse organisasjonane har god oversikt over mykje nytta friluftsområder i gamle Hordaland, og kva fiskeplassar og badeplassar som kan vere aktuelle å kartlegge. Frå gamle Hordaland er det på noverande tidspunkt fiskeplassar og badeplassar i friluftsområder i kommunane; Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Tysnes, Vaksdal og Øygarden det er planlagt kartlegginga, men det kan vere aktuelt å inkludere fleire kommunar i dette arbeidet etter kvart.

Når det gjeld områder i gamle Sogn og Fjordane fylke er det som nemnd gjennomført fleire kartleggingar tidlegare. Det er likevel mange områder som ikkje er kartlagde. Medan det i tidlegare kartleggingar har vore fokusert på områder nær sentrum eller nær bustadområde vil det i årets kartlegging vere fokus på klarare definerte friluftsområder, som ikkje nødvendigvis ligg tett på sentrum. Førebels er det planlagt kartleggingar i kommunane;

Bremanger, Gloppen, Kinn, Sunnfjord, Sogndal, Solund og Vik, men også her vert det truleg inkludert fleire etter kvart som ein planlegg meir i detalj.

Kartlegginga vil vi gjennomføre ved hjelp av eigne medarbeidarar både i frå fylkeskommunen, Bergen og Omland friluftråd og Bergen og Hordaland turlag. Vi vil bruke eige utstyr ettersom vi sitt med både utstyr og kompetanse frå tidlegare kartleggingar. Vi ser også føre oss at vi må oppdatere noko av utstyret vi allereie har, og det kan derfor bli nødvendig å kjøpe inn noko meir, f.eks. nye nettbrett.

I etterkant av kartlegginga vil vi samle resultatene i ein rapport som vil presenterer for kommunane og frilufsorganisasjonar. Rapporten vil i tillegg bli gjort tilgjengeleg for kommunane og frilufsorganisasjonar slik at dei kan nytte den i sitt arbeid.

- **Effektmål pr. målgruppe:**

Auke fokuset på universell utforming for å gjere fiskeplassar/badeplassar i frilufsområder meir tilgjengelege, styrke by- og bygdeutviklinga og utvikling av fiskeplassar/badeplassar som er tilgjengelege for alle.

- **Resultatmål:**

Auka tilgjengelegheit på fiskeplassar/badeplassar i eksisterande frilufsområder i Vestland fylke, samt auka fokus og kompetanse om universell utforming og tilgjengelegheit i frilufsområder. Vi ser også føre oss at rapporten kan vere eit utgangspunkt ved framtidige spelemiddelsøknadar knytt til utvikling av frilufsområder ved vatn. Dette vil også vere eit ein nyttig del av kunnskapsgrunnlaget for plan for frilufslivets ferdselsårer i kommunane i Vestland. Eit arbeid Bergen og Omland friluftråd og Vestland fylkeskommune samarbeider om.

B. Hovedtiltak Aktiviteter

- **Hovedtiltak og aktiviteter:**

Hovedtiltaket vil vere å gjennomføre kartlegging og deretter utarbeide ein rapport om den noverande tilstanden på fiskeplassar/badeplassar i dei utvalde frilufsområda, samt parkering og tilkomst til desse fiskeplassane/badeplassane. Denne rapporten skal også seia noko om forbettringspotensialet på fiskeplassane/badeplassane og mogelege tiltak ein kan sette i verk for å eventuelt auke tilgjengelegheita.

I tillegg vil vi drive kunnskapsformidling om universell utforming og tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne, både til kommunane og til aktuelle lag og organisasjonar både på kommunalt og regionalt nivå. Dette vil gjerast ved å publisere og presentere resultatene frå kartlegginga i ulike fora der fylkeskommunen deltek.

C. Organisering

- **Prosjekteier i kommunen / fylket:** Avdeling kultur, idrett og integrering, ved Seksjon idrett og frilufsliv
- **Prosjektleder:** Frank Tore Tveit, rådgjevar fysisk aktivitet – frank.tore.farsund.tveit@vlfk.no
- **Prosjektmedarbeidere:** Sigrid Kvåle Myksvoll, Bergen og Hordaland turlag – sigrid.kvale.myksvoll@dnt.no

Håkon Tufteland, Bergen og Omland friluftsråd – hakon.tufteland@bof.no

- **Andre bidragsytere og samarbeidspartnere:** Kommunar i Vestland fylke, fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, andre friluftsansjasjonar i Vestland fylke
- **Styringsgruppe:** Seksjon idrett og friluftsliv, Vestland fylkeskommune
- **Referansepersoner:**
Britt Karen Spjeld, Seksjonssjef, seksjon idrett og friluftsliv – britt.karen.spjeld@vlfk.no

D. Ressursrammer - økonomi

- Budsjettrammer: 223 000 kr
 - **Søknadssum: 100 000 kr**
- Finansiering:

Søknadssum:	100 000 kr
Fylkeskommunal eigenandel:	123 000 kr
Totalt:	223 000 kr
- **Arbeid – tidsforbruk for prosjektleder og øvrige deltakere:**

Planlegging, 30 timar x 700 kr:	21 000 kr
Prosjektgjennomføring, 200 timar x 700 kr:	140 000 kr
Rapportskriving, 20 timar x 700 kr:	14 000 kr
- **Andre kostnader (kurs, reiser, innkjøp etc.):**

Reise og kost:	25 000 kr
Bruk av fylkeskommunal bil:	8 000 kr
Innkjøp av diverse utstyr:	15 000 kr

Totale kostnader: 223 000 kr.

E. Rapportering

- **Statusrapportering:**
 - Presentasjon av førebels rapport på dialogkonferanse for sakshandsamarar innan fysisk aktivitet og friluftsliv i september 2020.
 - Presentasjon av endeleg rapport for kommunane, friluftslivsorganisasjonar i fylket, samt fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, etter at rapporten er ferdigstilt i oktober 2020.
 - Resultata vert også lagt inn i www.fylkesatlas.no og www.vestkystparken.no sitt kart.
- **Sluttrapport:** 31.10.20.

F. Underskrifter